



Notat

Dato: 24.02.2015
Arkivsak: 2014/24199-15
Saksbehandlar: kjesigv

Til: Anne-Kathrine Vabø

Frå: Kjetil Sigvaldsen

Innspel Samferdselsavdelinga, kollektiv - Reguleringsplanar for Moldegård og Bjånes - Os kommune

Regional Transportplan for Hordaland konkretiserer dei nasjonale måla om ny reisemiddelfordeling og nullvekst i privatbilismen for Bergensområdet. Bergensområdet er her definert som Bergen, Fjell, Sund, Øygarden, Askøy, Meland, Lindås, Radøy, Osterøy, Vaksdal, Samnanger og Os. Os kommune består i dag av mykje spreidd busetting. Generelt bør Os kommune vurdere å fortette langs eksisterande kollektivknutepunkt.


Hordaland fylkeskommune har vedtatt *Kollektivstrategi for Hordaland* (www.hordaland.no). Det er viktig å etablere eit kollektivtilbod som er effektivt og attraktivt. Færre omvegar gir raskare reiser og rom for høgare frekvens på linja. Det er altså ei ulempe at buss i rute må ta ein ekstra omveg for å dekke planområdet. Slike rutar oppfattast som ein ulempe for passasjerar som må ut på lite attraktive omvegar. Det vil ikkje vere aktuelt å køyre buss inn i området frå Bjåneskrysset vest som skal snu og returnera same veg.

Slik kollektivsituasjonen er i dag vil ikkje busstilbodet opplevast som eit attraktivt tilbod for dei nye bebruarane på Bjånes. På Fv 522 går det buss til/frå Hatvik kai. Dette er ei pendlarrute med avgangar i hovudsakleg rushtida. Frå byggeområdet B3 til busstopp på Fv 522 er det om lag 800 - 1000 meter, kor topografien i planområdet er tidvis bratt og ulent. Eit buområde bør ikkje ligge lenger enn 500 meter frå ein haldeplass dersom kollektivtilbodet skal vere eit attraktivt og reelt alternativ til bruk av personbil. Det er sannsynleg at kollektivandelen vil bli lav i planområdet.

I følgje nylig vedtatt kommuneplan ønskjer Os kommune å styrkje kollektivtilbodet i kommunen. Det er viktig å etablere gode kollektivløysingar allereie frå starten av i utbyggingsprosessen. Det er sentralt at det byggast effektive og attraktive gangvegar/ snarvegar frå byggeområda til busstopp på Fv 522.

I framtida kan ein busstrase mellom Bjåneskrysset vest og aust som følgjer planlagt Samleveg 3 og 4 vere eit alternativ, med to busstopp på strekninga. Dette må i så fall vurderast nøye opp mot behov, økonomi og effektivitet. Det er ein føresetnad for etablering av kollektivtilbod at det byggast eit vegsystem i utbyggingsområdet som gjer det mogleg å betene området med buss. Vegsystemet må gje buss effektiv framføring og tilfredsstillende krav i Statens vegvesens handbok 232 «Tilrettelegging for kollektivtransport på veg».

Frå Bjåneskrysset vest er det omlag 3 km til skulane i Os sentrum. Dersom ein reknar med mellom 800 – 1000 km til område B3 vil bustadane ligge i grenseland for skyssgrensa som er 4 km for elevar i 2- 4 klasse. Dei som ikkje oppfyller kravet om avstand mellom heim og skule kan ha krav på skoleskyss grunna farleg skuleveg. Kommunen vil då vere ansvarleg for å skyse desse elevane.



Kollektivorientert byutvikling. Kjelde: SKYSS - Kollektivstrategi for Hordaland - Utvikling fram mot 2030

Kopi til:
 Thorbjørn Aarethun
 Gunhild Raddum
 Robert Solend

